

Fanebust 15.02.21

Vedrørende søknad om arealoverføring/bygging av ny driftsbygning der det kjem fram at området det vert søkt om, er i ei sone med fare for snøskred i følgje NVE sine kart.

Etter samtale med NVE kjem det fram at desse karta i liten grad tek omsyn til lokale forhold slik som klima og vegetasjon. Dei seier sjølv at aktsomhetsområda ansjåast å vere for store, spesielt i kystnære områder, dette er ein grunn for at det i dag jobbes med nye aktsomhetskart.

Lågtliggjande/kystnære områder i Sør-Noreg har sjeldan nok snø til at det er fare for snøskred.

Området som søknaden omhandlar består av tett skog og vegetasjon, noko som også vil vere med på å hindre utløyning av skred. Me ser og at når det tidlegare er gjort vurderingar i liknande saker angående planarbeid i kommunen er nettopp dette med lokale klimaforhold i vårt område vektlagt. Ein ser at sannsynlegheten for snømengder til å utløyse eit skred er svært små. Det er og lagt til grunn at me har ei berekna snølast på hus i området på 1,5-2,5kn/m². Me ber om at dette må sjåast på i samaheng , og at det vert tatt omsyn til, utan at det er behov for ei geologisk vurdering på dette arealet.

Mvh

Marius og Siv-marit Rødland